



**FØRESEGNER FOR
DETALJREGULERINGSPLAN FOR MASSETAK SØRAUST FOR KJØS BRU**

| Sakshandsaming/ vedtak: | Dato | Sak nr. |
|--------------------------------|-------------------------|-------------|
| Innspele planoppstart | Juni 2013 - 01.08.2013 | |
| Det faste utval for plansaker: | 15.06.2015 | PLAN-006/15 |
| Offentleg ettersyn | 06.07.2015 – 24.08.2015 | |
| Det faste utval for plansaker: | 23.11.2015 | PLAN-014/15 |
| Kommunestyret: | 10.12.2015 | KS-112/15 |

§ 1 GENERELT

- 1.1 Det regulerte området er på plankartet vist med plangrense.
- 1.2 Planområdet er inndelt i område med følgjande føremål (Jf. Plan- og bygningslova):

| | |
|---|--|
| Bygnad og anlegg | Steinbrot og Masseuttak (1201) |
| Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur | Køyreveg (2011) Anna veggrunn, Tekniske anlegg (2018) |
| Grønstruktur | Vegetasjonsskjerm, VS1, VS2 (3060) |
| Omsynssoner | Faresone, Ras- og skredfare, H310_ Flomfare, H320_ |

- 1.3 Det er ikkje tillate å inngå privatrettslege avtaler i strid med planen og føresegnene.
- 1.4 Lov om kulturminne gjeld innafor heile planområdet, og i samsvar med § 8, 2. ledd, har tiltakshavar plikt til å vise varsemnd og straks å melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune – kulturavdelinga, dersom automatisk freda kulturminne skulle bli funne.

§ 2 FELLES FØRESEGNER

- 2.1 **Universell utforming**
Tilkomst til byggeområdet og samferdsleanlegg skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein mest mogeleg likestilt måte.
- 2.2 **Estetisk kvalitet**
 - 2.2.1 Brotkantar og andre terrenginngrep skal i størst mogeleg grad ta omsyn til viktige landskapstrekk, og ikkje bryte med viktige silhuettar i landskapet.
 - 2.2.2 Alle synlege fyllingar skal jordslåast.
- 2.3 **Sikring**
 - 2.3.1 Sikring av massetak skal gjerast av tiltakshavar, og skal skje i samsvar med krav frå Direktoratet for mineralforvaltning.

- 2.3.2 Tiltakshavar skal setje opp gjerde i bakkant av større terrengskjeringar, der dette kan utgjere ei fare for omgjevnadene. Gjerdet skal til ei kvar tid vere i slik stand at det ikkje kan kome uvedkommande, korkje dyr eller menneske, til skade ved fall utanfor slike høgder. Gjerdet si høgd og kvalitet skal følge krav sett til denne type sikring, og det skal vere mogleg å vedlikehalde gjerdet frå både sider. Det inngjerda området skal utvidast etter som større deler av område for steinbrot vert teke i bruk.

2.5 Støykrav

- 2.5.1 Det er ikkje tillate å produsere støy innanfor planområdet som overskrider tilrådde støygrenser for eksisterande bustad/fritidsbustad i gjeldande retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012).
- 2.5.2 Knusing og solding av massar, og liknande støyproduserande drift, er berre tillate på ordinære arbeidsdagar måndag – fredag mellom kl. 07.00 – 18.00. Boring og sprenging skal skje innafor same vekedagar, men då mellom kl. 08.00 – 16.00» For å redusere støvplagene skal det i periodar utan nedbør brukast vatn (dusj) – under arbeid nemnt i denne paragrafen.

§ 3 Bygnad og anlegg

3.1 Steinbrot og Masseuttak

- 3.1.1 Området skal nyttast til masseuttak, men slik at uttak nærare eigedomsgrensa mot gnr. 215, bnr. 1 enn 25 m - først kan skje etter at øvrige deler av området er ferdig utteke. Før uttak kan ta til innafor «25 meters-sona» skal det haldast ny synfaring med representantar frå grunneigar, entreprenør, nabo og kommunen.
- 3.1.2 I området kan det, etter eigen søknad, plasserast mindre mellombelse bygningar som trengs av omsyn til drifta.
- 3.1.3 Etter endt masseuttak og ferdig planering av område skal planeringsnivå for området ligge mellom kote +60m og +63m (Euref). Vidare skal området vere opprydda, opparbeidd med bærelag og kantar og skråningar skal vere tilsådd.
- 3.1.4 Uttak av massar skal skje på ei slik måte at naturleg skjermingseffekt i terreng kan takast vare på. Høge skjeringar mot terreng skal avtrappast i ulike høgder. Planeringsnivå for området skal tilpassast slik at tilstrekkeleg fall i høve avrenning vert sikra.
- 3.1.5 I tillegg skal planeringsnivå tilpassast topp dekke for tilkomstveg, slik at gode overgangar vert sikra, samt tilstrekkeleg fall på køyveveg.
- 3.1.6 Under anleggstida kan det innafor dette området lagrast jordmasse, for og kunne revegetere med stadeigen masse. Det skal leggest vekt på at areala som vært nytta til dette ikkje vert skjemma, men får ein mellombels utforming som er i samsvar med omgjevnadane.

§ 4 SAMFERDSLE OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

4.1 Køyveveg

- 4.1.1 Køyveveg omfattar både køyrebane og skulder.
- 4.1.2 Ved avkøyrse skal det takast omsyn til fri sikt ved utforming av areala.

4.2 Anna veggrunn, teknisk

- 4.2.1 Anna veggrunn omfattar areal tilhøyrande veganlegg som grøfter, skråningar, fjellskjeringar, mur, osv. Skråningsarealet skal dekkast med jord etter inngrep og tilsåast. Murar skal byggjast i naturstein.

§5 OMRÅDE FOR GRØNTSTRUKTUR

5.1 Vegetasjonsskjerm, VS1, VS2

- 5.1.1 I område VS1 er det ikkje tillate med inngrep og tiltak utanom det som er nemnt i § 5.1.2- med mindre uttak av sprengstein fortløpande blir erstatta av andre typar massar. I slike tilfelle skal eksisterande vegetasjonsdekke takast vare på, og leggjast tilbake på tilførte massar.
- 5.1.2 Vegetasjonsskjerm skal ha ein visuell- og til dels lyddempande effekt. Om naudsynt må det etablerast ny vegetasjon. Dette skal berre gjerast med stadeigen vegetasjon, då med innslag av furu.
- 5.1.3 I område VS2 er det etablert jord-/støyvoll. Det er ikkje tillat med uttak av masser i dette området.

§ 6 OMSYNSSONER

6.1 Faresone, Ras- og skredfare, H310_

- 6.1.1 Det kan ikkje etablerast bygg, permanent eller mellombels, innanfor dette området.

6.2 Flomfare, H320_

- 6.2.1 Det skal ikkje etablerast bygg, permanent eller mellombels, innanfor omsynssone for flaum.
- 6.2.2 For å sikre flaumvassveg gjennom området skal to mindre bekkar i austre og søndre del av massetaket leggjast i røyr med tilstrekkeleg kapasitet, og knytast til eksisterande rørgate – mot Hornindalsvatnet.